

## 1. Skal vi halde fram med noverande Polentur?

- Det er både føresette som **ynskjer** å fortsette med Polenturen og føresette som **ikkje** ynsker det. Mange ynskjer ein tur i 10. klasse, men **ikkje på den måten** det har blitt gjort fram til no.
- 27 svarer at dei vil **fortsette** med turen slik som den er no, 30 svarer at dei vil **avvikle** Polenturen. 12 svarer at dei vil ha ein tur, men på ein **annan** måte.
- Det vil seie at 27 svarer at dei vil ha det **slik det er no**, og 42 svarer at dei vil ha ei **endring**.
- Dei som **vil ha** Polenturen slik den er no synest den er bra fordi:
  - Lærarik/samfunnsoppdrag,
  - Styrker klassemiljø/samhold,
  - Ungdommen får nye erfaringar
  - Bra, flott, viktig.
- Dei som vil at Polenture **skal avviklast** synes den er problematisk fordi:
  - Den er for dyr for mange; gratisprinsippet
  - For mykje dugnad, ikkje gjennomførleg for mange
  - Føresette må vere med fordi det er for langt unna + for lenge, ikkje alle kan
  - Utestenger fleire som ikkje kan vere med: ekskluderande, øydeleggjer samarbeid, klassemiljø og foreldremiljø
  - Dei er for unge
- Forslag til **alternativ**:
  - Tur i Norge, fokus på andre verdskrig, holocaust, demokrati nærmare oss
  - Turen er styrt av skulen i sin heilskap, slik at den blir meir gjennomførleg og ikkje dei 'føresette som ropar høgast bestemmer'

## **2. Dugnad**

Det er føresette som synest det er greitt med dugnad sånn som det er no og det er føresette som synest at måten dugnadene blir gjennomført må endrast eller at skuleturar ikkje skal vere basert på dugnad.

- **28** svarer at det er **greitt** å fortsette sånn som no, **23** ynskjer ei **endring**, og **23** svarer at dugnad blir alt for mykje/er **ikkje gjennomførleg**
- Det vil seie at **23** vil ha det **sånn som det er** no, og at **43** vil ha ei **endring**.
- Det som kjem fram mest tydeleg er kanskje at dugnad er fint, men ikkje til dyre klasseseturar:
- Dei som svarar **positivt** gjer det fordi:
  - Bra for klassemiljø, relasjonar, samhald
  - God læring, innsats lønar seg
  - Er ein del av kulturen
  - Får til gode diskusjonar
- Dei som vil ha ei **endring** seier:
  - Vil ha organisert dugnad: 6. klasse har 17. mai, 7. klasse har ...
  - For stor belastning for dei som tek ansvar
  - Ikkje greitt for store beløp sånn som her
  - Veldig mykje jobbing for lite pengar
  - Skapar mykje uro
- Dei som synest det **ikkje er greitt/gjennomføleg** gjer det fordi:
  - Blir for mykje når man har fleire ungar
  - Dei store summa dei siste åra er ikkje foreinlege med dugnad
  - Ikkje greitt / gjennomføleg med så store beløp; spesielt i dei mindre klassane
  - Urettferdig (ikkje alle bidrar, press, ikkje alle kan, det blir dårleg mottatt, vanskeleg for dei utan stor familie)
  - Gnissignar, irritasjonar i foreldregruppa, går ut over relasjonar
  - Kommunen bør stå for mesteparten
  - Strider mot gratisprinsippet

### **3. Opplevinga av samarbeidet i foreldregruppa rundt Polenturen**

- (Ingen erfaring: **12**)
- **Grei** eller mest positiv: **12**
- Blanda, altså **gode og dårlege** erfaringer: **12**
- Frå **vanskeleg til forferdeleg**: **14**
  
- Dei som svarar **bra**, seier:
  - Ingen problem, bra samarbeid, nokon utfordringar med oppmøte
  - Gode diskusjonar
  - Engasjerte
  
- Dei som har **blanda** meining seier:
  - Variasjon
  - Ofte bra i ei klasse, dårleg i ei anna
  - Føresette som ikkje deltek, ikkje betalar, ikkje lett å bli einige, veldig blanda
  
- Dei som svarar at samarbeidet er **vanskeleg** eller ikkje til stades seier:
  - Rundt **dugnad**:
    - ‘uglesett om ein ikkje kan bidra på alt’, baksnakking, skuler på
    - ‘Foreldregruppa har rakna ettersom ... tema som Polen/dugnad kom opp’
  - Sterke utsegner rundt **sjølve turen**:
    - Splitta foreldregruppe, dårleg stemning, vanskeleg.
    - ‘Det har gått så langt at enkelte får trusselbrev skriftleg og utskjelling i offentlege fora’
    - ‘Foreldre som ikkje støttar Polenturen blir uglesett’
    - Uhyggelege meldingar av andre når man ikkje liker turen slik den er no
    - ‘Polariserande. Nokon er ekstremt for turen andre ekstremt mot turen. Alle er enige om at innhaldet er viktig men økonomi og varighet grenser til galskap’
    - ‘Heilt forferdeleg. Ingen samarbeid, og nåde den som tør å ha ei anne meining enn å vere for Polentur. Truslar.’ 4.

#### 4. Kva er det elevane får ut av å reise på Polentur?

- Kunnskap rundt **historie**/demokrati (nemt 41 gonger)
- Felles oppleving, samhald, **sosialt** som klassetur (21)
- Kan like godt reise **ein annan stad**, helst med sosialt og **fagleg fokus** på historie/demokrati (12)
- **Ulikt**, ikkje alle har lyst, ikkje alle har utbytte, veldig avhengig av gruppa (6)
- **Kultur** og språk (5)
- **Sjølvstendigheit**/meistring (5)
- **Moro**/fin oppleving (4)
- Dei er **for unge** for ein konsentrasjonsleir (4)
- **Ikkje inkluderande**/nokon faller utanfor/ikkje alle kan delta (3)
- Stor utbytte/gode minner (3)

#### 5. Finnes det etiske og sosiale utfordringar?

- **Nei, ingen** (13); **veit ikkje** (2); **ja men heilt greitt** (2); **ja, utfordringar**: (31 ulike svar)
- Sosiale utfordringar på grunn av **økonomi**, ikkje alle kan delta, sosialt skilje, klasseskilje, kraftig prisauke, ynskjer alternativt som alle har råd til; gratisprinsippet (nemnt 27 gonger i dei svara)
- Er ikkje for alle av ulike grunner, burde vere det, **elevar med spesielle utfordringar** blir ekskludert, ulike utfordringar, sosiale /mistrivast i klassa, kan ikkje, kan ikkje på grunn av **familiesituasjon**, kan ikkje på grunn av **funksjonsnedsetting, helse** (21)
- Føresette blir **pressa/tvinga** til å bli med (4)
- Auka antal elevar med **ulike etiske bakgrunn**/livssyn, ikkje inkluderande (2)
- **Uro i Europa** (1)
- Viktig med balansert informasjon, **også om vår tid**, ikkje berre fortid (1)
- **Vanskeleg å bli einige**, ulike ynskjer føresette, vanskeleg med dugnad, for langt unna, for lenge, dårleg for relasjonen mellom føresette, truslar, 'dritslenging' skriftleg og verbalt (8)
- Treng **tydelege rammer**, må vere styrt, kven sit saman på buss, deler rom (2)
- (Er ikkje klassetur, men foreldrestyrt (1), viktigare med sosiale/felles opplevingar (1), viktig tematikk (1))

## **6. Kva forventar barna av 10. klasse turen?**

Vanskeleg å oppsummere.

- Mange veit ikkje, mange har **ikkje forventningar**, har ikkje forventningar enno (16)
- Nokon meiner at det ikkje er spesielle forventningar, men viktig med ein tur
- Nokon nemner at **2/3 gleder seg**, mange gler seg og gruar seg
- Mange snakkar om positive forventningar, store forventningar, har høyrte om den av familie/sysken, at dei vil på tur, gler seg, vil **oppleve** andre land, språk, kultur, mat, opplevingar, ferje, ha det **gøy** på buss, vil berre ha det moro, å vere saman, minne for livet
- At det skal vere **aktuelt innhald**, spennande, **haldningsskapande**, historisk tilknytning Fyresdal, ikkje gløyme, repetere budskapet, sjå kor gale ting kan gå, krigsminne, lære av **historia**
- Nokon nemner at dei **ikkje forventar akkurat denne** turen, men at det blir ein tur ein eller annan stad, at det er meir press frå føresette/politisk vedtak
- Nokon meiner at vi burde ha ein avslutningstur der alle kan vere med, uansett forutsetningar og at dei blir glade uansett kor dei skal, så lenge det blir ein tur, ein sosial tur der dei opplever noko dei ikkje opplever til vanleg, **avbrekk frå skulen**, superglad uansett kor dei skal så lenge det blir tur, ser på det som ein ordinær klassetur
- Nokon nemner at det ikkje bør vere barnas forventningar som ligg til grunn for avgjersle om Polen eller ikkje

## **7. Alternativ**

- Fleire svarer at dei **ikkje veit**
- Andre ser **ingen alternativ**, ingen tur kan måle seg opp mot Polenturen/historisk forankring i Fyresdal
- Fleire vil ha ein tur som **inkluderer** alle
- Mange vil ha **kortare** tur, for eksempel maks 5 dagar, 3 overnattingar
- Mange vil ha **billigare** tur
- Nokon ynskjer å sjå på kva **andre skuler** gjer
  
- Mange foreslår reisemål i **Norge** med liknande innhald: **museum, kulturelt, historie, demokrati**, andre verdskrig, ei liknande men billigare tur, eventuelt med aktive fredsreiser, **same tema**
  - Oslo fredssenteret, regjeringskvartal
  - Roseslottet i Oslo
  - Rjukan, sabotørstien, Nord-Norge, 22. juli, Utøya
  - busstur Rjukan, stoppe historiske stader, nordover, Narvik, snu, Vestlandet
  - Lokal krigshistorie
  - Tromsø, Svalbard, Kongsberg, Bergen, Stavanger, Kristiansand
  - Olso, museum, kultur, teknisk museum, storbytur, by i Norge
  
- Mange foreslår reiser i **Norden/Europa**
  - Norden, Danmark, Sverige, berre Tyskland, berre Polen, Kroatia, Albania, Spania
  
- Også forslag uteliv, sosial tur, fokus på opplevingar, samhald, menneskeverd, MOT i den verden vi lever i no (i seg sjølv eller blanda med historisk perspektiv/demokrati)
  - Hardangervidda på tvers i telt eller hytte, lavvotur i nærleiken, grilling, zipline, fisking, spel, samisk kultur, hotell, bade, telttur, bål, quiz, mat, båt, vinterskule på Hovden, Evje klatrepark, leirskule i Oslo med museumsbesøk
  
- Ynskje om at **programmet skal vere ferdig, godt og utprøvd** og at skulen, ikkje føresette, skal stå for programmet

## **8. Anna**

- Dei **finansielle ramma** bør kome fram tydelegare i diskusjonen, talgrunnlag
- **Faste rammer** og i **skulens regi**, skulen skal ta initiativ, ynskjer tydeleg føring frå skulen og kommunen
- Senke krava, føresette skal ikkje kunne bestemme dyre tilleggssval – dei som er vanskelegstilte tør ikkje seie ifrå, mindre midlar og styr
- **Viktig at det blir diskutert** sidan opplevd som problematisk
- Håp om at turen **består, krigs- og etterkrigshistorie** Fyresdal, haldningsskapande, aktuelt, viktig tur for kommande generasjoner
- Vi må sjå på **løysingar**
- Det trengs **fleire midlar** av kommunen
- Synd at pengane er låst til Polen, fort **aggressiv** stemning blant føresette
- Ynskje om **endringar** i dagens praksis
- For vanskeleg med **dugnad**, mas med mange klasser gjennom heile året, kommunen bør heller tilby ulike jobbar til klassane
- For vanskeleg med **konfirmasjon, klassefest og Polentur** same år
- Nokon ynskjer tur **tidlegare** på ungdomssteget for å bygge opp sosialt samhald
- Ynskje om ein **fin og innhaldsrik avslutning** for barna **som alle kan vere med på**
- Ynskje om ei **kortare og rimelegare tur med same tema** som alternativ